UTDANNINGS FORBUNDET
Volda

Årsmøte

torsdag 29.februar 2024 kl. 18.00

Høgskulen i Volda, Berte Kanutte Store auditorium

Kulturelt innslag ved Volda kulturskule

Sakliste:

1. **Godkjenning av innkalling og sakliste**
2. **Konstituering**
3. **Årsmelding**
4. **Rekneskap 2023**
5. **Rammebudsjett 2024**
6. **Retningsliner for arbeidet i lokallaget**
7. **Val**

Aktuelt frå Utdanningsforbundet ved fylkesleiar Ina Enoksen

Servering av tapas i kantina

Sak 1:Godkjenning av innkalling og sakliste

- Godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 2 Konstituering

- Val av møteleiar: Åse Leikanger
- Møte- og valreglement
- Val av referent: Cathrin Fremmerlid
- To til å signere møteprotokollen: Frank Vidar Andersen og Signe Bjørklund
- Teljekorps: Åse Leikanger og Kristian Ingebrigtsen

Sak 3: Årsmelding 2023

Aktiviteten i lokallaget

1. Styret si samansetjing

I 2023 har styret vore samansett slik:

Leiar og HTV2:	Sirikit Vågen
HTV1 og nestleiar:	Cathrin Fremmerlid
Leiarrepresentant:	Veronika Hennøen
GSK:	Signe Bjørklund
GSK:	Åse Leikanger
BHG:	Frank Vidar Andersen
VGO:	Kristian Soma Ingebrigtsen
UH:	Silje Ims Lied
GSK:	Espen Stray Helle

Tuva Bergersen (Ped.stud) og Alf Terje Bjerkevik (Pensjonistmedlem) med møte- og talerett.

1.	Vara:	Per Erling Parr Sætre	(Leiarmedlem)
2.	Vara :	Silje Helset	(BHG)
3.	Vara :	Christel Olsen Aam	(BHG)
4.	Vara :	Ulf Kristiansen	(GSK)
5.	Vara :	Linn Janett Driveklepp Øye	(VGO)
6.	Vara :	Kristin Rostad Gangstad	(UH)

Vara pensjonistmedlem: Anne Lise Gridseth

Vara Pedagogstudent: Inga Sagmo

Valnemd : Andreas Arnevik, Rigmor Hoggen og Nina Ulvøy.

2. Medlemstal

Medlemstalet har vore jamt aukande og ved årsskiftet var vi 616 medlemmar. Vi har god oppslutnad i kommunen og ser ei stadig auke i medlemstalet. Det er positivt at vi har stor organisasjonsgrad i dei ulike medlemsgruppene, og at mange leiarar er medlemmar i Utdanningsforbundet.

3. Saker

Styret har hatt 9 styremøte og handsama 46 saker i 2023.

SAKER SOM HAR PREGA ARBEIDET VÅRT i 2023 EVALUERING

Trygge og helsefremjande arbeidsplassar

Utdanningsforbundet skal vere ein pådrivar for arbeidsplassar prega av eit trygt og helsefremjande arbeidsmiljø.

Mål	Tiltak	Evaluering
Fokus på arbeidsmiljø	Delta på arbeidsmiljøkurs for leiarar, verneombod og tillitsvalde. Arbeide for at det blir gitt opplæring i avvikssystemet og at det vert nytta. Arbeide mot vald og trakassering, både førebygging og oppfølging av einskildmedlemmer i slike saker. Arbeide for lokale, gode avtalar som fremmer godt og inkluderande arbeidsmiljø. Følgje opp undersøkingar som er gjort. Samarbeid med verneombod – rolleforståing. Arbeide for at det vert laga klare planar for handtering av vald og truslar, samt beredskapsplan. Tydelege flytskjema/prosessar. Fokus på førebygging	Deltatt på Partssamarbeidsdag saman med fagforbundet og KS. Tatt opp i STIM gruppe Oppvekst, AMU og PSU. Ein ser behovet og ein skal ha betre oppfølging på denne opplæringa. Ein kan få opplæring på si eining om ein har behov. Her kan ein få hjelp av Avonova til ROSanalyse. Har eit tett og godt samarbeid med Hovudverneombodet. Har saman med HVO satt fokus på dette arbeidet i STIM-gruppe Oppvekst. STIM-gruppene ute i einingane skal ha fokus på dette. Kurs for tillitsvalde om arbeidsmiljø. Vi held fram arbeidet for at tilsette får opplæring og at avviksystemet vert nytta i sektoren.
Gode arbeidsplassar	Arbeide for at det vert gode arbeidsplassar som fyl arbeidsmiljøtilsynet sine krav.	Poengterte dette i høringa av kommunalbudsjettet
Følgje opp norma for tal born pr. lærar i barnehage og skule	Lokallaget vil følgje opp arbeidet ovanfor arbeidsgjevar og politikarar. Påverke til auka lærartettleik i barnehage og skule. Innhente kvalitetssikra talmateriale om lærarutdanna lærarar GSI og SSB.	Kontinuerleg arbeid. Lesarinnlegg. Intervju i lokalaviser. Kontakt med politikarar. Arbeidsgruppe barnehage har innhenta informasjon om bemanning og sendt skriv til politikarane med klar oppmoding underbygd av statistikk og argument. Tid for de minste: Flere barnehagelærere og økt bemanning (utdanningsforbundet.no) Medlemmar har hatt lesarinnlegg i aviser. Tek det opp i dei fora ein er i, og får satt fokus på dette.
Arbeidstid barnehage, SFS 2201	Skulere i ny arbeidstidsavtale og sikre at avtalen vert praktisert etter intensjonane. Årlege fellesmøte for dei tillitsvalde og styrarar. Arbeide for å synleggjere behov for auka styrarressurs og stadleg leiar i kvar barnehage.	Har hatt felles skulering for tillitsvalde og styrarar.
Arbeidstid skule, SFS 2213	Støtte dei tillitsvalde i arbeidet kring dei lokale forhandlingane om arbeidstid. Årlege fellesmøte for dei tillitsvalde og skuleleiarar.	Har hatt felles skulering for tillitsvalde og skuleleiarar.

SGS 1010	Sikre at avtalen vert praktisert etter intensjonane.	Oppfordrar til at ein nyttar denne.
Arbeide for at alle elevar skal ha lærarar med godkjend lærarutdanning i alle undervisningstimar.	Synleggjere behovet for lærarar i offentleg sektor. Påverknadsarbeid overfor politikarar i arbeid med KS-debatthefte 2022, «På same lag». Følgje opp sentral kampanje «Berre lærarar er lærarar» med mål om at elevar skal ha lærar med godkjend lærarutdanning, og born i barnehage skal ha barnehagelærar med godkjend barnehagelærarutdanning.	Jobbar med systematisk politisk påverknadsarbeid. Har send ut informasjon til politikarane, lokallagsleiar har hatt møte med ordførar om dette temaet. Har sendt innspel til politikarar før saka skulle opp i PSU, og fekk påverke i PSU-møte slik at saka vart teke politisk i Formannskapet.. Tydeleg og god dialog med Oppvekst om bruken av kun kvalifiserte lærarar.
Skulering av eigne tillitsvalde	Ha jamleg kontakt med tillitsvalde. Arrangere lokale kurs for tillitsvalde, både nye og erfarne. Fokus på tillitsvaldrolla som profesjonstillitsvald. Hovudavtale og reell medråderett som skuleringstema: Skulering av tillitsvalde. Bidra til fellesskulering for tillitsvalde, verneombod og leiarar saman med arbeidsgjevar.	Kick off for alle tillitsvalde og styret ved oppstarten av nytt barnehage- og skuleår. Nettverk 1 gjennomførte felles skulering for nye tillitsvalde med overnatting. Dette var positivt, ein fekk fleire å jobbe med i grupper. Felles skulering for ATV, verneombod og styrarar i aktuelle avtaleverk som eit ledd i Bransjeprogram, saman med HTV, HVO, Fagforbundet, NAV og arbeidsgjevar. Gjennomført felles skulering av leiarar og ATV. Skulering av verneombod er det HVO som har hatt.
Oppfølging av medlemmar i saker knytt til arbeidsmiljø	Følgje opp prosessar og søke hjelp frå fylket eller juridisk bistand de det trengs. Samarbeid med vernetenesta.	Har følgt opp dei sakene ein har vorte kjend med, og hatt ein god dialog med Utdanningsforbundet Møre og Romsdal og jurist.

Styring av utdanningssektoren

Utdanningsforbundet skal vere pådrivar for at nasjonal og lokal styring og utvikling av utdanning byggjer på eit breitt forskings- og erfaringsbasert kunnskapsgrunnlag og støttar opp under ei brei målforståing.

Mål	Tiltak	Evaluering
Kvalifiserte lærarar til alle born, unge og vaksne i heile utdanningsløpet	Utdanningsforbundet skal arbeide for at alle elevar har lærarar med godkjend lærarutdanning i alle timar, uavhengig av kvar i utdanningsløpet dei er. Arbeide for at alle born i barnehagen har lærarar med godkjend barnehagelærarutdanning i tråd med pedagognorma.	Kontinuerleg arbeid opp mot politikarane lokalt. Politisk påverknadsarbeid opp mot stortingsval, lokale politikarar og arbeidsgjevar. Materiell (utdanningsforbundet.no) Er i tett dialog med Oppvekst om dette, både ved tilsetjing, og langs med gjennom året. God dialog med politikarar og PSU om viktigheita av debattheftet. Det vert sak i formannskapet, og politikarane ser mandatet dei gjev KS gjennom sine svar i heftet.

Profesjonsutvikling	Utdanningsforbundet skal arbeide for at partssamarbeidet på arbeidsplassane vert styrka gjennom arbeidet med fagfornyinga i grunnskulen og vidaregåande opplæring, og rammeplan for barnehagen	Oppfordre tillitsvalde til å vere aktive i prosessen.
Delta på samarbeidsarenaer i kommunen	Delta i utval, råd og arbeidsgrupper der lokallaget har representasjon.	Har vore med i arbeidsgrupper, AMU, PSU og STIM.
Delta på høyringar	Hente innspel frå klubbane og vidaresende innspel til fylkeslaget.	Klubbane og lokallaget har delteke aktivt i lokale og sentrale høyringar.
Finansiering av læremiddel knytt til fagfornyinga	Lokallaget vil arbeide for at det vert god nok finansiering av læremiddel knytt til fagfornyinga.	Har spelt inn dette i budsjettprosessen og i kontakt med kommunepolitikarane.
Lokal kompetanseutvikling – statlege tilskotsordningar for utdanningssektoren	Representasjon slik ein sikrar medbestemming. Følgje opp tilskotsordningane for lokal kompetanseheving.	Arbeider aktivt gjennom politisk påverknadsarbeid knytt til budsjettprosess i kommunen.
Sikre profesjonen sitt samfunnsmandat og handlingsrom.	Delta på aktuelle arena, bruke drøftingsrett og forhandlingsrett.	HTV har gjennomført drøftingar saman med Oppvekst, og er saman med leiargruppa i møte der Dekomp og Rekomp vert arbeidd med.
Hovudavtalene og reell medråderett som skuleringstema.	Skulering av tillitsvalde. Bidra til fellesskulering for tillitsvalde, verneombod og leiarar saman med arbeidsgjevar.	Gjennomført drøftingar og forhandlingar der det er naturleg.
Arbeidstid barnehage, SFS 2201	Skulere i ny arbeidstidsavtale, og sikre at avtalen vert praktisert etter intensjonane. Årlege fellesmøte for dei tillitsvalde og styrarar. Arbeide for å synleggjere behov for auka styrarressurs og stadleg leiar i kvar barnehage.	Har hatt felles skulering for tillitsvalde og styrarar.
Arbeidstid skule, SFS 2213	Støtte dei tillitsvalde i arbeidet kring dei lokale forhandlingane om arbeidstid. Årlege fellesmøte for dei tillitsvalde og skuleleiarar.	Har hatt felles skulering for tillitsvalde og skuleleiarar.
Arbeide for at alle elevar skal ha lærarar med godkjend lærarutdanning i alle undervisningstimar.	Synleggjere behovet for lærarar i offentleg sektor Påverknadsarbeid overfor politikarar i arbeid med KS-debatthefte 2022, «På same lag». Følgje opp sentral kampanje «Berre lærarar er lærarar» med mål om at elevar skal ha lærar med godkjend lærarutdanning og born i barnehage skal ha barnehagelærar med godkjend barnehagelærarutdanning.	Er i tett dialog med Oppvekst om dette, både ved tilsetjing og langs med gjennom året. God dialog med politikarar og PSU om viktigheita av debattheftet. Det vert sak i formannskapet, og politikarane ser mandatet dei gjev KS gjennom sine svar i heftet.
Mediearbeid	Bruke lokalpresse og sosiale media for å setje søkjelys på aktuelle saker. Aktiv bruk av lokallaget si Facebookside. Gjere Facebooksida og Instagramkontoen til lokallaget kjend.	Sendt innlegg til lokalpresse om saker som gjeld medlemsgruppene våre. Kontakt med media ved høve både i intervju og med lesarinnlegg. Aktiv facebookside der vi har fleire følgjarar enn vi har medlemmar i lokallaget! Små konkurransar som skapar engasjement på sida vert gjort med jamne mellomrom. Vi har oppretta Instagramkonto og gjer den kjend.
Bruke nettverksordninga for lokallag til å styrke arbeidet i eige lokallag.	Delta på nettverksmøter for lokallaga i Nettverk 1. Ta opp aktuelle saker og få innspel frå dei andre lokallaga. Samarbeide om t.d. kurs og medlemsmøte der dette er aktuelt.	Har delteke på nettverkskursa i Nettverk1. Felles TV1 kurs for nye tillitsvalde. Felles medlemsmøte saman med Utdanningsforbundet Ørsta. Tett

		og nyttig dialog mellom dei hovudtillitsvalde i nettverkverket.

Fleire barnehagelærarar og auka bemanning i barnehagen

Utdanningsforbundet skal vere ein pådrivar for sterkare lovverk sentralt, og utvikling av lokale tiltak som kan gi betre bemanning og barnehagelærartettleik i barnehagen.

Mål	Tiltak	Evaluering
Arbeide for betre bemanning og auka plantid i barnehage.	Oppretthalde arbeidsgruppa for barnehage. Arbeide for betre bemanning og auka plantid. Synleggjere det gode pedagogiske arbeidet som vert gjort i barnehagane. Nytte ressursheftet «Fleire barnehagelærar og auka bemanning».	Arbeidsgruppa har jobba kontinuerlig gjennom året med å påverke politisk. Har ved høve tatt opp behovet for bemanningsauke i barnehagane våre. Arbeide for gode tilsettingsprosessar slik at vi får dei best kvalifiserte i barnehagane våre. Tid for de minste: Flere barnehagelærere og økt bemanning (utdanningsforbundet.no)
Kvalifiserte barnehagelærarar til alle born.	Utdanningsforbundet skal arbeide for at alle born har barnehagelærarar med godkjend utdanning i tråd med pedagognorma. Sikre at ein har nok pedagogar gjennom heile dagen.	Er i tett dialog med Oppvekst om dette, både ved tilsetjing og langs med gjennom året.
Følgje opp norma for tal born pr. lærar i barnehagen.	Lokallaget vil følgje opp arbeidet ovanfor arbeidsgjevar og politikarar. Påverke til auka lærartettleik i barnehage. Innhente kvalitetssikra talmateriale om lærarutdanna lærarar GSI og SSB.	Er i tett dialog med Oppvekst om dette, både ved tilsetjing og langs med gjennom året.
Lokal kompetanseutvikling – statlege tilskotsordningar for utdanningssektoren	Representasjon slik ein sikrar medbestemming. Følgje opp tilskotsordningane for lokal kompetanseheving.	Påverking av budsjett for å auke bemanninga i barnehage. Kontinuerleg arbeid. Lesarinnlegg. Intervju i lokalaviser. Kontakt med politikarar.
Arbeide for at alle born skal ha barnehagelærarar med godkjend lærarutdanning heile dagen.	Synleggjere behovet for barnehagelærarar i offentleg sektor. Påverknadsarbeid overfor politikarar i arbeid med KS-debatthefte 2022, «På same lag». Følgje opp sentral kampanje «Berre lærarar er lærarar» med mål om at alle born i barnehage skal ha lærar med godkjend barnehagelærarutdanning.	Er i tett dialog med Oppvekst både ved tilsetjing og gjennom heile året.
Arbeidstid barnehage, SFS 2201	Skulere i ny arbeidstidsavtale og sikre at avtalen vert praktisert etter intensjonane. Årlege fellesmøte for dei tillitsvalde og styrarar. Arbeide for å synleggjere behov for auka styrarressurs og stadleg leiar i kvar barnehage.	Felles skulering med tillitsvalde og styrarar.
Bruke nettverksordninga for lokallag til å styrke arbeidet i eige lokallag.	Delta på nettverksmøter for lokallaga i Nettverk 1. Ta opp aktuelle saker og få innspel frå dei andre lokallaga. Samarbeide om t.d. kurs og medlemsmøte der dette er aktuelt.	Deltatt på alle nettverkssamlingar. Både meldt saker og prøvd å svare ut saker.

Lønspolitisk offensiv for lærarar i skulen
Utdanningsforbundet vil arbeide for at den lågare lønnsutviklinga for undervisningsstillingar vert stoppa og kompensert for.
Utdanningsforbundet skal arbeide for skjerpa krav i samfunnet til at alle elevar skal ha lærarar med godkjent lærarutdanning i alle undervisningstimar.

Mål	Tiltak	Evaluering
Tariff 2023	Delta på regional tariffkonferanse. Førebu og gjennomføre lokale forhandlingar.	Gjennomført lokale forhandlingar kap 3 haust 2023. Gjennomført lokallag forhandlingar Stat, Høgskulen i Volda
Kvalifiserte lærarar til alle born, unge og vaksne i heile utdanningsløpet	Utdanningsforbundet skal arbeide for at alle elevar har lærarar med godkjend lærarutdanning i alle timar, uavhengig av kvar i utdanningsløpet dei er.	Er i tett dialog med Oppvekst om dette, både ved tilsetjing og langs med gjennom året. Ta opp dette temaet gjennom trepartsammarbeidet. Sette søkelys på temaet opp mot KS-debatthefte.
Arbeide for at alle elevar skal ha lærarar med godkjend lærarutdanning i alle undervisningstimar.	Synleggjere behovet for lærarar i offentleg sektor. Påverknadsarbeid overfor politikarar i arbeid med KS-debatthefte 2022, «På same lag». Følgje opp sentral kampanje «Berre lærarar er lærarar» med mål om at elevar skal ha lærar med godkjend lærarutdanning.	Er i tett dialog med Oppvekst om dette, både ved tilsetjing og langs med gjennom året.
SGS 1010	Sikre at avtalen vert praktisert etter intensjonane.	Brukar den når ein har behov
Mediearbeid	Bruke lokalpresse og sosiale media for å setje søkjelys på aktuelle saker. Aktiv bruk av lokallaget si Facebookside. Gjere Facebooksida til lokallaget og fylkeslaget kjend.	Sendt innlegg til lokalpresse om saker som gjeld medlemsgruppene våre. Aktiv facebookside der vi har fleire følgjarar enn vi har medlemmar i lokallaget! Små konkurransar som skapar engasjement på sida vert gjort med jamne mellomrom. Vi har oppretta Instagramkonto og gjer den kjend.
Bruke nettverksordninga for lokallag til å styrke arbeidet i eige lokallag.	Delta på nettverksmøter for lokallaga i Nettverk 1. Ta opp aktuelle saker og få innspel frå dei andre lokallaga. Samarbeide om t.d. kurs og medlemsmøte der dette er aktuelt.	Deltatt på alle nettverkssamlingar. Både meldt saker og prøvd å svare ut saker.
Tilsetjingsprosess	Bidra til gode tilsetjingsprosessar med mål om tilsetjing av kvalifiserte lærarar	Deltek saman med Oppvekst i tilsetjingar, og er med gjennom heile prosessen.

Kontinuerleg arbeide med

Auke medlemsengasjementet i lokallaget	Arbeide for auka deltaking på klubbmøter, medlemsmøte og årsmøte. Vere ei støtte for medlemmar og tillitsvalde i viktige saker. Arrangere medlemsmøte for barnehage, skule og leiarar. Arrangere førjulstapas for leiarar i lokallaget. Følgje opp og støtte pensjonistråd.	Motiverer for deltaking på dei møte ein arrangerer. Syte for at informasjon vert gjort kjend for aktuelle medlemmar. Støtter opp og arbeider for at ATV skal rett hjelp.

Verve medlemmar, rekruttere tillitsvalde	Kontakte alle nytilsette og informere om medlemskap. Dele ut profileringsmateriell til nye medlemmar. Prioritere å besøke klubbar ved oppstart av nytt barnehageår. Arbeide for at arbeidsplasstillitsvalde får gode vilkår. Støtte opp om verving av pedagogstudentar.	Kontinuerleg arbeid.

Lokallagsleiar si oppsummering av 2023

2023 har vore eit innhaldsrikt og spennande år i Utdanningsforbundet Volda.
Årsmøte 2023. God deltaking og stort engasjement med mange saker som vart meldt inn både frå medlemmar og sentralt då det var Fylkesårsmøte- og Landsmøteår. Så kjekt med engasjerte medlemmar og mange som stiller til val.

Barnehagedagen 2023 hadde temaet Liten og Stor. I samarbeid med Fagforbundet kjøpte vi inn og delte ut «Den store boken om følelser»

Bygdepride i mai – flott å kunne både markere og delta i denne paraden. Neste år vil vi kjøpe inn fleire effektar og ha med tromme – noko som kan skape litt liv!

Det var stor spenning og forventning fram mot tariff 2023. Etter fleire forhandlingar – semje.

Det var Fylkesårsmøte i Geiranger i mai, og Volda stilte med ein flott og engasjert delegasjon som deltok i debattar, og fleire tok ordet på talarstolen.

Før sommaren var det flott avslutning for tillitsvalde, styret og varamedlemmer. Nokre tillitsvalde vart takka av etter mange år i vervet, og nye vart ynskt velkomen som tillitsvalde.

Kick off – oppstartskveld for lokallagsstyret, vara og alle tillitsvalde. Ladekabel – gåve til alle yrkesaktive medlemmar. Det var positivt å kunne halde fram med denne oppstartssamlinga, med presentasjon, informasjon og diskusjon. Då kunne dei tillitsvalde få med seg medlemsgåva vi hadde kjøpt inn til dei yrkesaktive medlemmane, samt ha saker som dei kunne ha på klubbmøte.

TV1, det første kurset i tillitsvaldopplæringa arrangerer vi felles i Nettverk 1 i Loen. Fem av sju lokallag hadde nye tillitsvalde og deltok på kurset. Vi møtte ettermiddagen før kurset, vart kjent og kunne ha ein god og effektiv kursdag . Evalueringa viste at dette var noko både dei tillitsvalde og lokallagsleiarane meinte var positivt, og vi vil halde fram med denne modellen.

Vi arrangerte medlemskino 26.september. Spesialvisning av Fedrelandet med regissørbesøk. Vi delte ut 50 billettar til framsyninga. Regissør Margreth Olin skulle tatt turen til Volda for å prate litt om filmen sin etter visninga, men utfordrande ver gjorde at ho ikkje fekk landa. Men det vart ein flott kinooppleving for dei som kom.

5. oktober markerte vi verdas lærardag. Helsing og premie på SOME.

30. november inviterte vi til Førjulstapas for leiarmedlemmane, der Marit Lillestøl som er leiarmedlem i fylkesstyret orienterte om viktige saker i Utdanningsforbundet. God mat og lett stemning. Godt å kunne senke skuldrane litt saman og få nyttig informasjon, nyte god mat og ha tid saman. Eit godt pusterom i ei elles hektisk tid. Alle leiarane i lokallaget var invitert til samlinga.

Pensjonistmedlemmar. Har innført faste torsdagstreff på Holmen Mat og Drikke for pensjonistmedlemmar – lokallaget spandere kaffi. Pensjonistkontakt Alf Terje Bjerkevik har ansvar for samlingane. 1.desember arrangerte Utdanningsforbundet Volda og Utdanningsforbundet Ørsta eit pensjonisttreff for alle

pensjonistmedlemmar i Nettverk1. Om lag 70 deltakarar var påmelde. Samling på Sæbø fjordhotell med interessant foredrag av Anne Ellingsen om tida på Svalbard, Deretter var det omvising på Sæbø barnehage og skule. Lokallaga søkte om inndregne midlar frå fylket til dette arrangementet og hadde dermed ingen utgifter knytt til arrangementet.

Julesamlinga for styret, varamedlemmer og valnemd og tillitsvalde var flott- Godt å kunne samlast.

Vi har vore på fleire besøksrunder til alle klubbar i lokallaget med ein oppmerksamheit, og gåver til medlemmane. Det har vore ein tradisjon å gje klubbane ei julehelsing Her fekk dei tillitsvalde utdelt julekorger med sjokolade, frukt, pepperkaker og ei flott bok *, Skispor i Sunnmørsalpane*, til å ha på personalrommet som inspirasjon til å ta seg ein tur saman med kjekke kollegaer. Frå komande år vert det ei endring, frå å gje klubbane ei julehelsing vil vi endre dette til å gje ei nyttårshelsing i etterkant av nyttårssamlinga for dei tillitsvalde. Då vil dei kunne ha eit klubbmøte der dei informerer om tema som var oppe på samlinga og deler ut helsinga.

Vi har eit aktivt og godt styre, sender møteinnkalling, sakliste og referat til vara, slik alle er orienterte. Lite bruk av vara fordi styremedlemmane er særs flinke til å stille. Vi har møta vår på arbeidsstadene til styremedlemmane for å få ein variasjon om kven som må reise langt, og vi får eit innblikk i denne medlemsgruppa sin arbeidsstad.

Vi deltek på nettverkssamlingane i Nettverk 1. Det er eit godt og etablert nettverk der vi kan ta opp små og store saker frå lokallaga. Ei styrke å vere del av eit nettverk der vi kan lære av kvarandre. Vi har og hatt godt samarbeid om TV1, det første kurset i tillitsvaldopplæringa.

Det er varierande kor ofte klubbane på den einskilde arbeidsstad har klubbmøte. For å bidra til klubbengasjement og frekvens på klubbmøter så har vi har oppmoda dei tillitsvalde til å ha klubbmøter med god servering, 100,- pr medlem pr. år. Referat vert sendt lokallaget.

Hovudtillitsvald, lokallagsleiar og nestleiar har overordna ansvar for satsingsområda og gjennomføringa av tiltaka, styret bidreg der ein finn det naturleg. Det er sett ned ei arbeidsgruppe for barnehage som skal arbeide målretta for bemanning gjennom heile barnehagedagen.

Vi har ei aktiv facebookside der vi har fleire følgjarar enn vi har medlemmar i lokallaget! Ein flott kanal for å nå ut med informasjon, både nasjonalt og lokalt. For å auke engasjementet for sida og gje noko til følgarane våre, så har vi små konkurransar som påskehelsing, sommarhelsing, dele ut kinobillettar og premiering når sida når nye milepælar. Fleire facebook-konkurransar, til påske, sommar og jul – og det er litt kjekt å sjå at vi har snart 843 følgarar på facebooksida vår – det er meir enn vi har medlemmar i lokallaget.

Budsjettprosessen i Volda kommune går gjennom heile året. Lokallaget sendte skriv til politikarar tidleg i prosessen, så nytt skriv før første formannskapsmøte i sluttrunda av prosessen. Vi har hatt fleire lesarinnlegg i lokalavisa og tilsvarande skriv sendte vi til lokalpolitikarane. Vi fekk fleire tilbakemeldingar på at dei takka for innspela vi kom med. Vi har hatt fokus på bemanningssituasjon og at det må løyvast nok pengar til ei god bemanning, både i barnehage og skule, læreboksituasjonen i grunnskulen i samband med fagfornyinga måtte prioriterast. Vi sett og fokus på arbeidsforhold for dei tilsette på Mork skule og i Oppigarden Barnehage. Då det endelege forslaget låg klart sendte UDF Volda høyringssvar inn til budsjettframlegget. Dette har vore ein god prosess som vi vil halde fram med.

Arbeid opp mot politikarar på prosessen ved KS-dokumentstrategi vil halde fram på nyåret.

Lokallagsstyret :
Lokallagsstyret representerer ulike medlemsgrupper; grunnskule, barnehage, vidaregåande skule, universitet og høgskule. Leiarane, Pedagogstudentene og pensjonistane har ein representant i lokallagsstyret. Styremedlemmane har skrive eit samandrag om kva som har vore fokusområde for dei ulike gruppene dei representerer.

Leiarar v/ Veronika Hennøen	2023 har vore eit innhaldsrikt år for leiarar i barnehage og skule. Ein opplever at ein jobbar godt og ein har tilsette som framleis yter litt ekstra for å få ting til å gå rundt. Ein har godt samarbeid med dei tilsette, og dei er lojale mot arbeidsplassen sin. Leiarane opplev at dei tilsette er rause og finn gode løysingar i lag. Sjølv om dette i hovudsak er positive element, er leiarane bekymra for om ein «brenn lyset i begge endar». Hausten har vore særs travel både i barnehage og skule, og ein ser ei auke i oppgåver som skal gjennomførast. Vi ser at dei tilsette er slitne, og vi opplev ei auke i sjukefråvær i nokre einingar. Samtidig som ein har ei utfordring med å få tak i gode, stabile vikarar som kan dekke dette fråværet. Leiarane i barnehage gjev uttrykk for at dette er veldig vanskeleg. Ein leiar i skule gjev tilbakemelding om god utvikling i undervisninga på eigen skule, og kan melde om at dei b.a legg bak seg fleire nyvinningar innan meir praktisk undervisning og at dei i større grad får inn programmering i dei skulefaga der dette er ein del av læreplanen. Dette gir spennande økter som elevane gleder seg over. Nokre leiarar i barnehage gjev tilbakemelding om at dei har fått pussa opp barnehagen innvendig, og at ein har fått fornya uteområdet dette året. Det er svært positivt og det gjer noko med motivasjonen i alle ledd. Leiarane i barnehage har fullført leiarutvikling med Linda Viddal, i lag med leiarteam på tvers av Sjustjerna. Dette har vore eit positivt løft for både styrarar og pedagogiske leiarar. Ein opplever samlingane som lærerike og svært nyttige for kvaliteten i leiargruppene. No startar jobben med å fortsette denne utviklinga i eiga kommune, og framleis styrke leiarteama i den enkelte barnehage. Ei av dei store utfordringane som kjem igjen med fleire av leiarane i barnehage, slik som tidlegare år, er mangelen på ressursar til å dekke plantida for pedagogane på storbarnsavdelingane med anna personale. Ein opplev stor frustrasjon, og ein ser at det tydeleg går utover kvaliteten for dei barna som går i barnehagen når ein er færre vaksne i lag med dei. Dette året har fleire samarbeidsutval i barnehagane gjort sitt for å synleggjere konsekvensen av at ein ikkje har ressursar nok til å dekke inn med anna personale når pedagogane på storbarnsavdelinga har planleggingstid. Ein må fortsette å synleggjere og jobbe for å få dekt inn planleggingstida på storbarnsavdeling på same måte som ein har blant dei aller minste barna. Dette er viktig. Fleire av leiarane uttrykker stor bekymring for ein pressa kommuneøkonomi og kva konsekvens det får for barnehage og skule i åra framover. Vi er bekymra for mindre ressursar inn i barnehage og skule, som går på bekostning av kvaliteten og fører til ein anstrengt og pressa arbeidssituasjon for dei tilsette.
Grunnskule v/ Åse Leikanger, Espen Stray Helle og Signe Bjørklund	Medlemsgruppa grunnskule i Volda er sett saman av 7 kommunale grunnskular, ein privat barneskule, Kulturskulen, Globalskulen og Læringssenteret. Det store nye i 2023 var at nye Volda ungdomsskule sto klar til bruk då ein tok til på skuleåret 2023/2024. Volda kommune har no fått seg ein flott og fin ungdomsskule. Store klassar ved Øyra skule har vore omtalt i media og blitt tema for FAU og foreldra. Mange er bekymra for kvardagen til borna og dei tilsette når klassane blir store generelt, men kanskje dei lågaste trinna spesielt.

	Mange flyktningar frå krigen i Ukraina har satt systemet i voldaskulen med å tilby god, variert og tilpassa undervisning til mange born og voksne på ulikt nivå og aldre, på prøve. Skulane har merka eit press på areal såvel som personal. Skulane har også merka at det i perioder er vanskeleg og til tider umogleg å få tak i vikarar når fråveret er høgt. Det har også blitt kjend at det er få søkarar på lærarstillingar, og det er noko som bør uroe oss. Bruk av eigen mobiltelefon i arbeidstida er eit tema for grunnskulelærarar i heile Noreg, og det gjeld òg her i Volda kommune. Her er ikkje løysingane på plass enda, men dette er noko som medlemmene våre er opptekne at må kome i system. Elevar i sentrum har dei siste åra reist til Ulsteinvik og Folkestad for å få symjeopplæring. Den nye symjehallen tek no form, og ein ser fram til å kunne nytte seg av denne til symjeopplæringa. Jobben som arbeidsplasstillitsvalgt er ein svært viktig jobb. Skulane i Volda har dyktige tillitsvalgte. Mange ATV-ar opplever å ha mykje arbeid som skal gjerast i løpet av ein begrensa tidsressurs. På nokre skular er det vanskeleg å få folk til å stille til val som tillitsvalgt, då ein ser at det er eit tidkrevjande verv. Stadig fleire oppgåver vert lagt til lærarjobben. Det kan vere utfordrande for lærarar å setje grenser for eige arbeid, og nokre gongar tek ein på seg oppgåver ein ikkje har kompetanse til. Kampanjen "Slutt med det", frå Utdanningsforbundet er med på å bevisstgjere lærarar på kva oppgåver dei skal gjere, og kva oppgåver dei ikkje skal gjere. Vi ser med uro på nedskjeringane i skulen. Det er betre å forme sunne unge, til dømes med tanke på psykiske helse, enn å reparere vaksne.
Barnehage v/ Frank Vidar Andersen	Medlemsgruppe barnehage representerer både kommunale og private barnehagar, og det har gjennom året vore eit godt engasjement ute i dei ulike barnehagane sine klubbar. Vi har no sju kommunale barnehagar og seks private barnehagar i Volda Kommune. Vi har i gruppa «Med hjarte for barnehagen», hatt fokus på å fremje saker som er viktige for barnehagane. I fleire år har det vore arbeidd hardt for å få auka bemanning i barnehagane. Dette byrja nokre år attende med skriv til politikarane, avisinnlegg og deling på sosiale medier. Tekstene blei nytta av UDF- Volda lokalt i høyringsutalelsen til budsjett. I budsjettet for 2022 vedtok kommuna å dekkje opp plantida på småbarnsavdelingane i Volda. Dette blei vidareført i 2023, men kampen om også å få denne oppdekkinga på storbarnsavdelingane skaper både frustrasjon og fortvilelse. Det er mange samarbeidsutval i barnehagane som både kan sjå og opplever at barnehageansatte slit i kvardagen, så dei har i 2023 støtta oppunder gjennom å ha innlegg i avisa der dei beskriv situasjonen, samt vore talerør i kampen om betre bemanningsressurs. Foreldre har gjennom å fått informasjon retta fokus på kva bemanning barnehagen der deira barn går i har. Det kom fram gjennom brukarundersøking (2023) der dei påpeikar dette med dårleg bemanning i svara sine. Barnehagane i Volda slit med stort arbeidspress og høgt sjukefråvær. Det har i 2023 vore ein kamp for barnehagane å få tak i vikarar. Einskilde barnehagar har vore så pressa på bemanning gjennom lengre periodar at dei har måtte oppfordra foreldra til å hente barna tidligare på dag, så det er ikkje ei god kjensle for arbeidstakarar å måtte bite i graset etter å ha gjort det dei kan for å ha «halde fortet». Barnehagane opplever og at og kommuna slit med rekruttering og bemanning. Det er mange barn som har einskildvedtak på tildelte spesialpedagogtimar. Det er mangel på spesialpedagogar i kommuna, så dei barna som har fått tildeling av timar er diverre i ventekø. Oppi dette er haldninga til barnehagansatte at vi gjer så godt vi kan med å gje barna som går i Volda barnehagane eit godt almennpedagogisk tilbod. Det er no svært

	viktig å halde fokuset på arbeidet med å få styrka bemanning i barnehagane før vi endar med at kompetent barnehage-personale finn seg anna jobb. Det e viktig å nemne at barnehagane i Volda har eit dyktigt og kompetent personale. I arbeidet med kvalitet og kompetanseutvikling, så har barnehagane i 2023 arbeidd med kvalitetsarbeid der inkluderande språkmiljø har vore fokuset. No på slutten av 2023 har vi ei dreining og eit nytt fokus inn mot Alternativ Supplerande Kommunikasjon (ASK) og teikn til tale som satsing. Dette gjev ein raud tråd frå rekompsatsinga som ligg bak oss, og vil gje oss kompetanse som kjem barna til nytte. Det å implementere nye satsingsområder er både tid og ressurskrevjande, så det å ha begrensa bemanning i utgangspunktet vil og her gjere at ting tek tid… Barnehagane i Volda treng styrka bemanning, og det no…
Vidaregåande skule v/ Kristian Ingebrigtsen	Klubben ved Volda vidaregåande skule er leia av ATV Kristian Soma Ingebrigtsen, vara til ATV er Linn Øye. Klubben har også eit styre bestående av ATV, vara til ATV og 4 styremedlemmar, ein frå kvar avdeling. ATV tek del på orientering og drøftingsmøte. Tidlegare har ATV vore med i tilsetjingsutvalet. ATV Ingebrigtsen innehar VGO sin faste plass i lokallagsstyret og tok del på fylkesårsmøtet våren 2023. ATV har frikjøp frå Møre og Romsdal Fylkeskommune og lokallaget, Volda. Kollegiet er med i utviklingsarbeid, DEKOMP, i regi av Høgskulen i Volda. Klubben har hatt fleire møter siste skuleår.
Universitet og høgskule (UH) v/ Silje Ims Lied	I medlemsgruppa UH er alle medlemmane tilsett på Høgskulen i Volda (HVO). Vi har eit fungerande klubbstyre med leiar og hovudtillitsvalt, med ca. 80 medlemmar. Hovudtillitsvalt deltek som fast deltakar i jamlege IDF-møter (informasjon, drøfting og forhandling) med leiinga. Vi har også ein representant i tilsetjingsutvalet ved HVO, og vararepresentant i Arbeidsmiljøutvalet (AMU). Vi har også ein kontaktperson som er styremedlem i lokallaget. HTV har deltatt på kurs i forhandlingar og vi har delteke på kontaktforum for UH. Styret har hatt 9 styremøte, og behandla 46 saker. Vi har arrangert 3 medlemsmøte inklusiv årsmøtet. I tillegg held vi medlemmane oppdatert om sentrale saker gjennom Teams. Døme på aktuelle saker vi har jobba med i 2023 er lokale forhandlingar, høyringar på 2-3 NOU-ar, ordningar for heimekontor, og bidrege med innspel til sentrale saker i IDF – møta.
Pensjonistkontakt Alf Terje Bjerkevik	Pensjonistgruppa har halde fram med pensjonisttreff den første torsdagen i månaden i skuleåret, med gratis kaffi. Dei første gongane møtte vi på Tredet, men frå og med møtet i mai har vi vore på Holmen. Til dette møtet kom Geir Einar Sandnes frå Vanylven. Han sit i pensjonistrådet i Møre og Romsdal. Geir Einar fortalde om oppgåvene til pensjonistrådet i fylket, om aktivitetar i Vanylven og om 70+forsikringa i Utdanningsforbundet. 24. mai var fleire av pensjonistane våre med på ei samling Utdanningsforbundet på Hareid invitererte til. UDF-pensjonistane i Volda, Ørsta, Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein og Hareid (Sjustjerna) vitja Ishavsmuseet Aarvak. Der fekk vi høyre om ishavshistoria, og etterpå var det potetball. I desember inviterte Utdanningsforbundet Ørsta og Volda UDF-pensjonistar i Sjustjerna til møte på Sæbø, Sagafjord hotel. Anne Ellingsen heldt foredrag om Svalbard. Vi fekk også ei omvisning på Sæbø barnehage og skule. Etterpå var det brennsnut, kaffi og prat. I mars var det pensjonistkurs i Molde, og fleire frå Volda møtte. Etter sommarferien starta vi med torsdagsmøta i september. Litt varierande oppmøte, men vi som er der har ein hyggeleg time saman. Og det er plass til fleire...

4. Hovudtillitsvald

Cathrin Fremmerlid har vore HTV (Hovudtillitsvald) i 70 % stilling i 2023.

Som HTV arbeider ein med saker som tek utgangspunkt i Hovudavtalen og Hovudtariffavtalen. Sakene vert reist av medlemmar, arbeidsplassar, arbeidsgjevar eller initiert av HTV.

Våre samarbeidspartnarar er mellom anna Fylkeskontoret UDF, Nettverk 1, tillitsvalde, hovudtillitsvalde frå andre arbeidstakarorganisasjonar, Oppvekst m/kommunalsjef oppvekst, avdelingsleiarar og konsulentar, og Administrasjonen m/personalsjef og kommunedirektør.

Vi har hatt eit godt og tett samarbeid med arbeidsgjevar, så godt at ein har måtta innsjå at det gode samarbeidet var på veg til å skli ut. Ein har difor satt samarbeid på agendaen igjen mellom HTV-ar og arbeidsgjevar, og dette vil vi ha stort fokus på i 2024.

Utdanningsforbundet Volda er ein stor arbeidstakarorganisasjon og er representert i ulike utval og arbeidsgrupper. HTV har vore representant i arbeidsmiljøutvalet, kontaktmøte, STIM-møte og PSU (partssamansett utval). Dei hovudtillitsvalde prøvar å møtast kvar veke for ein kaffiprat, og meir formelt omlag ein gong i månaden, slik at ein er meir aktivt delande og støttande i saker ved behov.

HTV har delteke i kontaktmøte mellom kommunedirektør, personalsjef og alle dei andre hovudtillitsvalde i kommunen. Arbeidsmiljø, kommuneøkonomien, nærvær og heiltidskultur har vore den «raude tråden» i desse møta. Vi har fått informasjon om status, med invitt til ulike påfølgjande samtalar/drøftingar. Dette året har møtefrekvensen vore jamn i alle typar treffpunkt, samstundes som ein har hatt behov for å ha ein tettare frekvens på enkelte møter.

HTV har eit svært godt samarbeid med Opplæring og oppvekst. Ein har god informasjonsflyt, vert tatt med og lytta til i prosessar og har faste drøftingsmøte. Drøftingar og forhandlingar om bemanning og ressursbruken generelt er eit viktig område for HTV.

HTV deltek i alle tilsetjingar av pedagogisk personell i kommunen, og er part i forhandlingar som forhandlingsleiar for UDF i lønsforhandlingar.

HTV får invitasjon til leiarmøta i Oppvekst, og prioriterer å delta på desse.

HTV er òg med i ulike arbeidsmiljøsaker og personalsaker. I enkeltsaker har det vore drøftingar med sikte på å få til dei best moglege ordningane for alle medlemmane våre.

5. Klubbane

Utdanningsforbundet i Volda består av følgjande klubbar/medlemsverksemder:

Arbeidsplass	Klubbleiar/Tillitsvald
Austefjord barnehage (Med i Hornindal bhg sin klubb)	Margun Haugen (ATV/Klubbleiar)
Bratteberg skule	Irene Åbrekk Kalvatn
BUP Volda	Lise Andersen (ATV/Klubbleiar)
Dalsfjord skule	Åse Leikanger (ATV/Klubbleiar)
Engeset barnehage	Mari Aarflot (ATV/Klubbleiar)
Folkestad barnehage	Synnøve Berg Rusten Grevstad(ATV/Klubbleiar)
Folkestad skule	Camilla Kongsvoll (ATV/Klubbleiar)
Globalskolen AS	Linn Camilla Wien (ATV/Klubbleiar)
Hjellbakkane Barnehage Stiftelsen	Birgitte Eiken (ATV/Klubbleiar)
Hornindal barnehage	Margun Haugen (ATV/Klubbleiar)
Hornindal skule	Oskar Alexander England(ATV/Klubbleiar)
Høgskulen i Volda	Stein Conradsen (ATV) Torbjørg Bakke (HTV)
Lauvstad barnehage	Karin Hurlen Vatnehol (ATV/Klubbleiar)
Bratteberg barnehage	Rigmor Hoggen vara. Maren Vik Mårstøl er i permisjon(ATV/Klubbleiar)
Mork barnehage	Silje Helset (ATV/Klubbleiar)
Mork skule	Dagny Beate Vattøy (ATV/Klubbleiar)
Oppigarden barnehage	Sissel Helset (ATV/Klubbleiar/Vara Styret)
Rotset barnehage	Frank Vidar Andersen (ATV/Klubbleiar)
Røysmarka studentbarnehage	Synnøve Vassbotn Folkestad fram til nov 23 Lene Kristin Standal frå nov 23 (ATV/Klubbleiar)
Trollsletta barnehage	Ikkje ATV
Tunåsen barnehage	Ikkje ATV
Ulvestad barneskule	Manglar ATV. Rektor kontaktperson.
Volda kommune administrasjonen	Nina Hovden Eidheim (ATV/Klubbleiar)
Volda kulturskule	Inna Svendsen (ATV/Klubbleiar)
Volda Læringssenter	Cathrin Fremmerlid (ATV/Klubbleiar)
Volda sjukehus/ Helse Midt-Norge BUP	Lise Andersen(ATV/Klubbleiar)
Volda Ungdomsskule	Liv Fredskild (ATV/Klubbleiar)
Volda vidaregåande skule	Kristian Ingebrigtsen (ATV/ Klubbleiar/Styret)
Øyra barnehage	Sander Stevens (ATV/Klubbleiar)
Øyra skule	Astrid Velsvik Henriksen (ATV/Klubbleiar)

6. Frikjøp

Oversikt frikjøp 2023: 64% organisasjonsfrikjøp

Organisasjonsfrikjøp (dekka av sentralleddet basert på medlemstal):
Leiar 50%
Nestleiar 14%
Frikjøp dekka over lokallagsbudsjettet:
Nestleiar 6 %
Samtalepartnar VUS 2%
Samtalepartnar Volda vidaregåande skule 2%
Samtalepartnar Øyra skule vår 2023 2 %

Tillitsvalde har rett til tid til å utføre oppgåver etter HA §3-2 .

7. Kurs og møte

- Styremøte
- Årsmøte april 2023
- Kurs for nye tillitsvalde saman med Nettverk 1 (TV1)
- Kurs for erfarne tillitsvalde
- Kurs/samlingar for lokallagsleiar/HTV
- Nettverkssamlingar (Fysisk)
- Kontaktforum B og G (Og samling for kontaktperson og medlemsgruppene i etterkant av kontaktforum)
- Barnehagekonferansen
- Pensjonisttreff (Torsdagstreff på Holmen Mat og Drikke)
- Pensjonisttreff arrangert av UDF Volda og UDF Ørsta for heile Nettverk 1
- Førjulstapas leiarmedlemmer
- Tilbod om kurs i regi av UDF
- Besøk til alle klubbar i lokallaget i fleire anledningar; oppstartshelsing i august, ei besøksrunde i anledning verdas lærardag og julekurver til alle klubbar
- Julesamling for styret, vara, tillitsvalde og valnemd

Forslag til vedtak: *Årsmøtet godkjenner årsmelding for 2023.*

Sak 4: ØKONOMI

Rekneskap

Rekneskap 01.01.2023-31.12.2023

Rekneskapen for 2023 viser at vi fekk eit underskot på omlag kr 2000. Dette til tross for at vi først januar-24 fekk informasjon om at vi fekk omlag 5% mindre enn først tildelt i driftinntekter. Dette utgjorde omlag 25 000 mindre enn vi hadde budsjettert med gjennom heile 2023.

Vi har omlag kr 127 500 i oppsparte midlar på konto pr. 31/12-23.

Vi søkte også etter ekstra midlar frå fylket for å få dekka medlemsmøte og kursing av plasstillitsvalde, pensjonisttreff og medlemskino, og fekk innvilga støtta.

2023 har vore eit år der vi ikkje har arrangert dei store medlemsmøta, men har fått samla medlemmar til andre sosiale møter. Vi valde heller å starte 2024 med eit fantastisk medlemsmøte.

I 2023 har vi brukt mest pengar på postane «Frikjøp», «Bevertning», «Representasjon og gåver» og «Profileringsmateriale».

Det er flott å sjå at så mange av klubbane held klubbmøte, og at aktiviteten er stor i klubbane våre. Representasjon og gåver: Vi kjøpte bøker til alle klubbane saman med julekurvene og ei gåve til verdas lærardag. Vi kjøpte også gåver til alle yrkesaktive medlemmar til “kick off” i august.

Frikjøp: Nestleiar (6%) og tre samtalepartnerar for plasstillitsvalde på dei største arbeidsplassane; VUS og Volda vidaregåande med 2% frikjøp, og Øyra skule 2% frikjøp våren 2023

Rekneskap 2023

		Regnskap HiÅ	Budsjett HiÅ	Avvik
	INNTEKTER			
3290	Kontingentinntekter FY/LOK	-440 247	-465 659	-25 412
3990	Refusjon SPK-midler	-3 708	0	3 708
	Sum Driftsinntekter	-443 955	-465 659	-21 704
	KOSTNADER			
5017	Møtegodtgjøring uten feriepenger	50 250	60 000	9 750
5230	Reisetilskudd hjem - arbeid	9 461	9 000	-461
5239	Telefondekn.i form av lønnsytelse	6 000	10 000	4 000
5400	Arbeidsgiveravgift	9 358	8 000	-1 358
	Sum Lønnskostnader	75 069	87 000	11 931
6540	Inventar, innkjøp	0	500	500
6550	Datautstyr (pc,mobil,iPad, mm)	0	0	0
6745	Frikjøpsordninger	63 971	70 000	6 029
6780	Honorar uten oppg.plikt	0	30 000	30 000
6800	Data- og kontorrekvisita	1 604	10 000	8 396
6810	Kopipapir	0	500	500
6840	Aviser og abonnementer kontoret	5 849	6 000	151
6841	Faglitteratur	538	0	-538
6890	Diverse kontor- og adm.kostnader	5 270	0	-5 270
6940	Portokostnader, postboksleie	57	500	443
	Sum kontorhold mm	77 289	117 500	40 211
7110	Bilgodtgjøring - trekk- og avgiftsfri	2 574	7 000	4 426
7111	Passasjertillegg	540	1 500	960
7112	Bilgodtgjøring - trekk- og avgiftspliktig	659	0	-659
7143	Andre reiseutgifter	0	2 500	2 500
7144	Hotell	14 445	40 000	25 555
7170	Leie kurslokale/møterom	11 000	12 000	1 000
7171	Bevertning ved møter	110 593	80 000	-30 593
7172	Deltakeravgift møter/kurs	1 763	10 000	8 238
7190	Andre kurs/møte kostnader	15 518	7 000	-8 518
7320	Annonser markedsføring	0	5 000	5 000
7321	Profileringsmateriell	94 439	60 000	-34 439
7420	Støtte andre organisasjoner	5 000	0	-5 000
7422	Representasjon, gaver	36 777	30 000	-6 777
7790	Streikekostnader	0	0	0
	Sum reise mm	293 307	255 000	-38 307
	Sum Driftskostnadar	445 665	459 500	13 835
	DRIFTSRESULTAT	1 709	-6 159	-7 868
8040	Renteinntekter bank	-390	0	390
8171	Bankgebyr	680	1 659	979
	Sum Finansposter	290	1 659	1 369
	Årsresultat	2 000	-4 500	-6 500

Revisjon frå revisor

MOA REVISJON AS
Statsautorisert revisor – siviløkonom. Medlem av Den norske Revisorforening

Revisor- og
organisasjonsnummer:
NO 991 456 147 MVA

Langelandsveien 17
Pb 8025, Spjelkavik
6022 ÅLESUND

Telefon 70 15 26 60

E-post post@moa-revisjon.no

Årsmøtet i
Lokallag 1577 Volda
Utdanningsforbundet Møre og Romsdal

Revisjonsberetning 2023

Vi har gjennomgått regnskapet for 1577 Volda, Utdanningsforbundet i Møre og Romsdal for regnskapsåret 2023 som viser et underskudd på kr 1 999,75.

Arbeidet har bestått i verifikasjoner av balansestørrelser, herunder avstemming bankkonti, stikkprøvekontroll av bilag, samt vurdert de periodiseringer som er gjort frem til periodeslutt.

Vi har ved utførelsen av vårt arbeid ikke avdekket vesentlige feil eller mangler i det forelagte regnskapsmateriell.

Ålesund, 09.02.2024
Moa Revisjon AS

Marie Rindal

Marie Rindal
Statsautorisert Revisor

Sak 5: BUDSJETT 2024

	Budsjett 2024	
	INNTEKTER	
3290	Kontingentinntekter FY/LOK	-440 905,00
3990	Refusjon SPK-midler	0,00
	Sum Driftsinntekter	**-440 905,00**
	KOSTNADER	
5017	Møtegodtgjøring uten feriepenger	50 000,00
5230	Reisetilskudd hjem - arbeid	0,00
5239	Telefondekn.i form av lønnsytelse	4 000,00
5400	Arbeidsgiveravgift	10 000,00
	Sum Lønnskostnader	**64 000,00**
6540	Inventar, innkjøp	
6550	Datautstyr (pc,mobil,iPad, mm)	15 000,00
6745	Frikjøpsordninger	72 000,00
6780	Honorar uten oppg.plikt	0,00
6800	Data- og kontorrekvisita	2 000,00
6810	Kopipapir	0,00
6840	Aviser og abonnementer kontoret	5 000,00
6841	Faglitteratur	2 000,00
6890	Diverse kontor- og adm.kostnader	3 000,00
6940	Portokostnader, postboksleie	0,00
	Sum Kontorhold mm	**99 000,00**
7110	Bilgodtgjøring - trekk- og avgiftsfri	3 000,00
7111	Passasjertillegg	905,00
7112	Bilgodtgjøring - trekk- og avgiftspliktig	1 000,00
7142	Flybilletter	8 000,00
7143	Andre reiseutgifter	5 000,00
7144	Hotell	25 000,00
7170	Leie kurslokale/møterom	12 000,00
7171	Bevertning ved møter	90 000,00
7172	Deltakeravgift møter/kurs	3 000,00
7190	Andre kurs/møte kostnader	10 000,00
7320	Annonser markedsføring	0,00
7321	Profileringsmateriell	80 000,00
7420	Støtte andre organisasjoner	5 000,00
7422	Representasjon, gaver	25 000,00
7790	Streikekostnader	10 000,00
	Sum Reise mm	**277 905,00**
	Sum Driftskostnadar	440 905,00
	DRIFTSRESULTAT	**0,00**

Styret har utarbeida eit budsjett som er forsvarleg for 2024, som ikkje brukar av dei oppsparte midlane. Desse midlane skal komme medlemane til gode, og vi ser det som fornuftig å ha oppsparte midlar i reserve. Ekstra utgifter kan dukke opp i løpet av eit budsjettår.

Kort om postane i budsjettet:

Vi vil i 2024 få 25 000 mindre i inntekt,slik som vi fekk i 2023, samstundes som vi må ha inn ein post på omlag 10 000 i beredskap om det skulle verte streik i årets oppgjer.

Dette gjer at vi samla må ta ned resten av budsjettet med 35000 samanlikna med budsjettet for 2023, og endre mellom postane, for å sleppe å ta av dei oppsparte midlane våre om det ikkje vert naudsynt.

· Lønnskostnadar. Her sett vi ned møtegodtgjersle, reisetilskot og telefondekn. med 23 000, da vi ikkje brukte alt som var budsjettert i 2023.

· Kontorhold mm. I 2023 brukte vi ikkje noko av postane "inventar", "Honorar utan oppg.plikt", "kopipapir" og "Portokostnader" , så vi vel å sette dei på kroner 0 i 2024. Vi sett opp postane "Frikjøp", "Datautstyr" og "diverse kontor- og adm.kostnadar" da det ikkje har vore kjøpt inn nytt utstyr på fleire år.

Samla har vi satt ned denne posten 18 500 samanlikna med budsjettet ifrå 2023.

· Reise mm. Her har vi auka med samla 22 900 samanlikna med budsjettet ifrå 2023. Den største endringa er at vi har satt opp 10 000 på posten "Streikekostnader" og auka postane "bevertning møter" og "profileringskostnader" med henhaldsvis 10 000 og 20 000.

I 2023 har vi søkt, og fått innvilga medlemsmøte og kursing av plasstillitsvalde, pensjonisttreff og medlemskino, og vi fekk innvilga støtta gjennom inndregne midlar frå Utdanningsforbundet Møre og Romsdal. Dette er midlar lokallaga framleis kan søke om i 2024.

Når vi veit om vi får, eller ikkje får, innvilga støtte også i 2024 vil vi gjere endringar innanfor postane etter kva som vert naudsynt utan att ein skal nytte oppsparte midlar.

Vi vidarefører vedtaket om at klubbane kan få dekt utgifter til servering på klubbmøte til om lag 100 kr pr medlem pr år. For å få denne støtta må ein sende inn rekning og klubbmøtereferatet til lokallaget.

Vi vil at lokallaget vårt skal vere aktivt og held postane bevertning, hotell, møteverksemd og reiseutgifter høgt. Støtte til medlemmar som deltek på kurs i regi av Utdanningsforbundet. *Utdanningsforbundet Volda dekker utgifter til overnatting i enkeltrom, eller tilsvarande sum, for at medlemmar i lokallaget som søkjer om støtte, skal få reise på kurs og konferansar i regi av Utdanningsforbundet. Dette vert å sjå på som eit prinsippvedtak så lenge det er midlar igjen på budsjettposten.*

Forslag til vedtak:

1. Årsmøtet godkjenner rekneskapen for 2023.

2. Årsmøtet godkjenner budsjettet for 2024. Styret får fullmakt til endring innanfor postane.

Sak 6: Retningsliner for arbeidet 2024

Utdanningsforbundets Strategisk plan 2022 – 2023 er bestemt å gjelde fram til 1. august 2024. Det nye sentralstyret treng tid til å jobbe med ny Strategisk plan 2024 – 2025. Følgande plan er sett opp for arbeidet:

Forslag til tidsplan for utarbeidelse av Strategisk plan 2024-2025

November 2023 – januar 2024	På bakgrunn av den organisasjonsmessige prosessen for innspill til landsmøtesaker, og på bakgrunn av landsmøteforhandlingene, utarbeider sekretariatet en skisse til strategisk plan 2024-2025.
Januar 2024	Sentralstyret behandler skisse til strategisk plan som utviklingssak, basert på innspillene til og diskusjonene på landsmøtet 2023.
Februar 2024	Sentralstyret behandler representantskapssak, beslutningssak, med utkast til ny Strategisk plan 2024-2025.
Mars 2024	Representantskapet vedtar forslag til ny strategisk plan.
April 2024	Sentralstyret vedtar Strategisk plan for 2024-2025.
April 2024 – august 2024	Fylkeslagene gis tid til å planlegge for aktiviteter knyttet til Strategisk plan.
1. august 2024 – 1. august 2025	Virketid

Lokallaget sin plan skal bygge på den sentrale planen. Dermed er det naturlig å halde fram med satsingsområda i gjeldande strategisk plan fram til den nye trer i kraft.

Satsingsområder:

- **Trygge og helsefremmande arbeidsplassar**
- **Styring av utdanningssektoren**
- **Fleire barnehagelærarar og auka bemanning i barnehagen**
- **Lønspolitisk offensiv for lærarar i skulen**

Prioritert satsingsområde for UDF Volda 2024

Overordna satsingsområde	**Satsingsområde for UDF Volda**	
Trygge og helsefremjande arbeidsplassar	**Konkrete arbeidsområde - tema**	**Korleis jobbe med satsingsområda**
Utdanningsforbundet skal vere ein pådrivar for arbeidsplassar prega av eit trygt og helsefremjande arbeidsmiljø.	Arbeidsmiljøsaker i skule og barnehage IA-arbeidet lokalt	Videre arbeid med bransjeprogram barnehage og IA-avtalen.
	Oppfølging av medlemmer i saker knytt til arbeidsmiljø	Arbeid i individuelle saker, samarbeid med personalnemd i fylkesstyret, prosessar, evt. juridisk bistand.
	Livsfasepolitikk	Følgje opp avtalar om livsfasepolitikk.
	HMT i offentleg sektor	Arbeide for å gjere kjent HMT-systemet. Fokus på psykososialt arbeidsmiljø og emosjonelle belastninger i arbeidet.
Styring av utdanningssektoren	**Konkrete arbeidsområde - tema**	**Korleis jobbe med satsingsområda**
Utdanningsforbundet skal vere pådrivar for at nasjonal og lokal styring og utvikling av utdanning byggjer på eit breitt forskings- og erfaringsbasert kunnskapsgrunnlag, og støttar opp under ei brei målforståing.	Lokal kompetanseutvikling – statlege tilskotsordningar for utdanningssektoren	Representasjon slik ein sikrar medbestemming. Følgje opp tilskotsordningane for lokal kompetanseheving.
	Politisk påverknadsarbeid knytt til økonomi i kommunen.	Kontinuerleg arbeid knytt til politisk påverknadsarbeid.
	Leiarrolla	Spesielt fokus på leiarrolla i barnehage og skule. Oppfølging av leiarmedlemmer. Følgje opp «leiarbrølet».
	Skulering i hovudavtalane	Få til fellesskulering, og oppfordre til at fellesskulering gjennomførast, og at lokale tillitsvalde deltar.
	Ny opplæringslov	Delta aktivt i påverknadsarbeidet ved utarbeiding av forskrift til ny opplæringslov.
	Tillitsreforma i offentleg sektor	Delta aktivt i påverknadsarbeidet, følgje opp UDF sin politikk på dette feltet. Følgje opp Volda kommune som har fått midlar til tillitsreforma.
Fleire barnehagelærarar og auka bemanning i barnehagen	**Konkrete arbeidsområde - tema**	**Korleis jobbe med satsingsområda**
Utdanningsforbundet skal vere ein pådrivar for sterkare lovverk sentralt og utvikling av lokale tiltak som kan gi betre bemanning og barnehagelærartettleik i barnehagen.	Tid for de minste: Flere barnehagelærere og økt bemanning (utdanningsforbundet.no) Følgje opp Hurdalsplattformen lokalt i vårt lokallag	Fortsette å følgje opp kampanjen «Tid for de minste». Politisk påverknadsarbeid. Fokus på behovet for fleire barnehagelærarar og betre bemanning. Synleggjere behovet for auka styrarressurs, stadleg leiar i kvar barnehage Synleggjere dette i media og i sosiale media.
	Ressurshefte «Flere barnehagelærere og økt bemanning»	Gjere ressursheftet kjent og bidra til at det kjem til nytte for lokallaget. Born i barnehage skal ha lærar med godkjend barnehagelærarutdanning.

Lønnspolitisk offensiv for lærarar i skulen	**Konkrete arbeidsområde - tema**	**Korleis jobbe med satsingsområda**
Utdanningsforbundet vil arbeide for at den låge lønnsutviklinga for undervisningsstillingar vert stoppa og kompensert for. Utdannings-forbundet skal arbeide for skjerpa krav i samfunnet til at alle elevar skal ha lærarar med godkjent lærarutdanning i alle undervisnings-timar.	Utdanningsforbundet sin politikk	Politisk påverknadsarbeid: Synleggjere mangel på lærarar Fråfall frå læraryrket Rekrutteringsutfordringar Samanheng mellom vern av lærartittelen og lønnsutvikling Arbeidsforholda til lærarane
	Berre lærarar er lærarar	Følgje opp arbeidet: Elevar skal ha lærar med godkjend lærarutdanning.
Tariffarbeid	**Konkrete arbeidsområde - tema**	**Korleis jobbe med tema**
	Tariff 2024	Arbeide aktivt opp mot Tariff 2024 Delta på regionale tariffkonferanser og sentrale tariffkurs. Kome med innspel til forhandlingar om HTA KS Delta på kurs om lokale forhandlingar. Påverknadsarbeid overfor KS – strategikonferanse våren 2024. Arbeid med KS debatthefte. Dialog med lokale politikarar som skal delta på KS-strategikonferanse

Forslag til vedtak: Årsmøtet vedtek retningsliner for arbeidet i 2024 som foreslått.

Sak 7: VAL

Valnemda har vore Andreas Arnevik, Rigmor Hoggen Nina Ulvøy.

Det nye styret frå 1.8.2024

Innstilling frå valnemda:

	Verv	Namn	År
1	Leiar	Sirikit Vågen	På val til 2026
2	Hovudtillisvald 1	Cathrin Fremmerlid	Vald til 2025
	Hovudtillitsvald 2	Sirikit Vågen	På val til 2026
3	Nestleiar	Cathrin Fremmerlid	Vald til 2025
4	Styremedlem leiar	Veronika Hennøen	Vald til 2025
5	Styremedlem frå BHG (barnehage)	Frank Vidar Andersen	Vald til 2025
6	Styremedlem frå GSK (grunnskule)	Åse Leikanger	På val til 2026
7	Styremedlem frå BHG(barnehage)	Margun-Kathrin Haugen	På val til 2026
8	Styremedlem frå VGS (vidaregåande skule)	Kristian Soma Ingebrigtsen	Vald til 2025
9	Styremedlem frå UH (universitet og høgskule)	Silje Ims Lied	Vald til 2025

Pedagogstudentene og pensjonistmedlem har møte- og talerett i styret.

Val av representant for pensjonistmedlemmane fram til 2026
Alf Terje Bjerkvik er på val som representant for pensjonistmedlemmane fram til 2026

Malin Svarstad Andersen er representant for Pedagogstudentene.

Vara

	Verv	Namn	År
1	Vara leiar (grunnskule)	Per Erling Parr Sætre	Vald til 2025
2	Vara frå BHG (barnehage)	Synnøve Berg-Rusten Grevstad	På val til 2026
3	Vara frå G (Grunnskule SFO leiar)	Christel Olsen Aam	På val til 2026
4	Vara frå GSK (grunnskule)	Ulf Kristiansen	På val til 2026
6	Vara frå VGS (vidaregåande skule)	Linn Janett Driveklepp Øye	På val til 2026
7	Vara frå UH (universitet og høgskule)	Kristin Rostad Gangstad	Vald til 2025

Pedagogstudentene og pensjonistmedlem har møte- og talerett i styret.
Anne Lise Gridseth er på val som vararepresentant for pensjonistmedlemmane fram til 2026.

Val av styre og vara etter innstilling frå valnemda

1. Val av HTV 2
2. Val av lokallagsleiar
3. Val av medlemmar
4. Val av representant for pensjonistmedlemmane
5. Val av varamedlemmar
6. Val av vararepresentant pensjonistmedlemmane

Valnemd

Innstilling til valnemd:

	Namn	Medlemsgruppe	År
1	Nina Ulvøy	G	Vald til 2025
2	Rigmor Hoggen	B	På val til 2026
3	Tom Erik Bogen	G Leiarmedlem	På val til 2026
4	Connie Steffenakk	G	På val til 2026

Vara valnemd:

	Namn	Medlemsgruppe	År
1	Camilla Sjåstad Kongsvoll	G	På val til 2026

Val av valnemd og vara valnemd etter innstilling frå lokallagsstyret

1. Val av medlemmar i valmend
2. Val av vara medlemmar i valnemd

Forslag til vedtak:
Årsmøtet vedtek samansetjing av nytt styre for 2024 etter forslaget. Lokallagsstyret kan utpeike/ velje styremedlemmer og valnemd dersom det vert behov for det i løpet av årsmøteperioden.

Stad /Dato

Frank Vidar Andersen

Stad/Dato

Signe Bjørklund